


Ny veg gjennom Hauglandslio?

20.02.2013



11 grunneigarar vert berørt hvis ein ny skogsveg gjennom Hauglandslio vert realisert. Den skal ta av frå vegen som idag ender på Hauglandsfjellet, nærare bestemt frå sving nummer 3 rekna frå dalen.

Prosjektet består tildels av opprusting og tildels av 1500 meter ny veg, men det vert presisert at det førebels er på eit reint førebuande stadium,

uskedalen.no får opplyst at det ikkje føreligg nokon endeleg kalkyle enno og at det difor ikkje kan seiast om prosjektet vil svara seg. Den nye vegstrekninga skal ende like før Tverrelva og den nye vegen vil stort sett gå mellom 400 og 450 meter over havet.(sjå kartskissa)

I ei melding som er sendt fylkeskommunen er imidlertid kostnaden oppgjeve til 1 250 000 kroner. Søkjar (vegformann) er Tor Ove Haugland.

Nyvegen vil ikkje utløysa særleg mykje tømmerhogst, men vil bli ein nøkkel når det gjeld hogst av lauvtrevirke som i stor grad er hogstmodent, vert det opplyst. Difor har mellom andre KV (tidlegare AFA) sagt seg svært interessert i at nyvegen kjem.

Av Ola Matti Mathisen